

Referat FAU-møte 23.01.24

Tilstades:

Anne Gunn Feed Jakobsen, Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Elena M Sikveland, Serina F Sikveland, Ailin Skårland, Øyvind Søyland, Knut Undheim.

Godkjenning av innkalling og referat:

OK.

Sak 2/23 Diverse skuledrift (frå rektor)

- Vesentleg betra bemanningssituasjon for øyeblikket:
 - o 1. kl. Anne Haaland/Lena Nes
 - o 2. kl. Ann Synnøve Hareland
 - o 3. kl. Åse Ødemotland
 - o 4. kl. Aina Idland og Grete Stokke Seljeskog
 - o 5. kl. Beate T. Vestre
 - o 6. kl. May Elisabeth Håland (Grethe Gundersen)/Lena Nes (spes. ped.)
 - o 7. kl. Silje Adolfsen/Monica Dalen-Haugland
 - o Fagarbeidarar/miljøveiledarar: Bergljot Nærland, Karoline Fosse, Aud Jane Egge, Merete Holta, Ragnhild Regine Risa, Mindor Håland, Kine Grødeland
 - o Tilkalling: Ida Hammer, Kjetil Espeland, Malin Therese Hagland, Ann Turid Lie Gabrielsen
- Utlyst stilling som avdelingsleiar: Intervju vert gjennomført denne veka.
- Ressurstildeling 24/25: Budsjett til skulesjef -> Rammetildeling til skulane->Prioritering innad på skulen.
 - o Personal (pedagogar+fagarbeidarar): Auka til 10,9 stillingar (frå 10,1).
 - o Administrasjon (rektor, OSR, avd.leiar, kontorkonsulent): Auka til 2,2 stillingar (frå 2,0). Totalramme auka med 1 årsverk til 24/25.
 - o Lærarnorm: 15 elevar per pedagog 1.-4.klasse, 20 elevar per pedagog 5.-7. klasse. Ekstra timar for små skular.

Sak 9/23 Skyss

- I samband med ekstraordinære snø- og føreforhold med utilstrekkeleg brøyting i deler av bygda, har det vore nødvendig med presisering av skysselskapet sine rutinar ved slike høve: Når transport ikkje kan gjennomførast som normalt, vil selskapet prøva å kontakka føresette for å avtala nødløysing, evt køyra eleven tilbake til skulen om dette ikkje lukkast.
- Det presiseres frå rektor at avvik knytt til skuleskyss skal meldast skyssansvarleg i kommunen, Monica Aga. Dette er avklart med skulesjefen. .

Sak 12/23 Juleoppvisning.

Evaluering

- Vel gjennomført både innholdsmessig og organisatorisk.
 - o Fungerte godt at elevane sat med foreldra.
 - o Godt oppmøte på eldrefesten (ca 135 pers), færre enn venta på foreldrefesten (ca 200 pers).
 - o Ikkje legga lista så høgt korkje innhalds- eller tidsmessig.
 - o FAU var ikkje klar over at posane måtte pakkast – derav sein melding til foreldre som skulle bidra med dugnad.
 - o Spela på foreldra (dei som har lyst og anledning) der det trengst.
- Tilbakemelding frå lærarane: Kjekt. Seriositet og ambisjonsnivå for framsyningane må haldast oppe. Bra at elevane sit med foreldra. Bør vera fellessong. Læraren til 7. klasse må ha hovudansvar-/oppsyn. Bra med skifterom nede. FAU bidra med teknisk assistanse/beredskap. Unngå felles opptrinn på tvers av trinn.
- Tilbakemelding frå foreldre:
 - o Fleirtalet positive trass den krevande personalsituasjonen skulen stod oppe i.
 - o Innspel om at elevane si deltaking på framsyning bør vera obligatorisk – kjekkare for foreldre og besteforeldre å sjå sine egne på scenen, god trening for elevane.
 - o Gymsalen som alternativ til samfunnshuset: Spørsmålet er allereie avklart av FAU tidlegare då gymsalen som lokale for eit arrangement av dette omfanget ikkje er i tråd med brannforskrifta. Viktig å presisera at inngangspengane går til FAU som m.a. finansierer avslutningar, reflekskonkurransse, utvikling av uteområdet på skulen inkl tilgang på leiker.

Sak 14/23 SFO

- Forslag om at SFO kan nytta håndballhall evt andre fasilitetar i bygda.
- SFO åpne for foreldre eller andre eksterne som bidragsytarar til innhald og aktivitetar som t.d. ballspel, musikk/dans/drama, Bondelaget?, NKS?
- Iflg SFO-leiar er det bevissthet omkring begrensa bruk av skjerm, i så fall som læringsverktøy, men presiserer samstundes at 'Playstation og film kan òg vera nyttig sosialt'.

Sak 15/23 Informasjon til foreldre

- FAU-knapp på Visma? Rektor tek dette vidare med Visma-ansvarleg i kommunen.
- Halvårsvurderingar skal leggest ut i Visma. Foreldre må etterlysa desse frå kontaktlærar om dei uteblir. Kan vera kluss med tilgang til innsyn for foreldre.
- Bevisstgjerung internt i FAU omkring det å fylgja opp tidlegare saker. FAU-representantane tilstrebar å oppdatera seg på referat som del av førebuing til møte i.o.m. at gjennomgang av dette er fast punkt på møteplanen. Viser elles til *Handbok med retningslinjer for klassekontaktane og FAU-representantar ved Undheim skule* (revidert 2023).